

INFORMASJON OM BARNEHAGE-/SKULEBRUKSPLAN

I desember 2018 vedtok kommunestyret at det skal utarbeidast ein barnehage - og skulebruksplan for Vindafjord kommune i 2020, og at det skal nyttast eit eksternt byrå til å utarbeide ein rapport som grunnlag for saksframlegg frå rådmannen. Kommunen inngjekk avtale med Norconsult, og dei er no i gong med arbeidet.

I desse dagar reiser dei rundt i bygdene og ser på forholda ute og inne, samt samlar inn faktaopplysningar for vidare arbeid med rapporten. Brukarmedverknad/innspel frå born/foreldre/tilsette kjem i neste fase.

Norconsult inviterer til løypemelding 20.april for tilsette, tillitsvalde, representantar frå foreldre/føresette (FAU/SU) og politisk nivå (OPOM/DUK). Dei kjem også til å ha liknande løypemelding 8. juni.

Me vil kome med ny informasjon når me veit meir om den vidare prosessen.

04.03.20


Yngve Folven Bergesen
Rådmann Vindafjord Kommune

